

Ein
moderne kommune
som unge vil flytte til.



Det er viktigare enn nokon gong kven som styrer kommunen din. Vi har realistiske ambisjonar, styringsevne og ser lyst på framtida. Saman skal vi ta Flora og Vågsøy vidare, som nye Kinn kommune, med Jacob som ordførar.



VENSTRE
Kinn



Med ein fot i Vågsøy og ein i Florø kjenner eg den nye kommunen ●

Vårt overordna mål er at Kinn kommune skal bli ein moderne kommune som unge vil flytte til. Lukkast vi med dette er vi også ein kommune som er god for alle aldersgrupper å bu og leve i. Ein kommune der alle føler seg velkomne.



Vi har samla oss rundt 5 grunnleggande prinsipp som er styrande for all politikk, og 15 mål og tiltak. For oss handlar Kinn kommune om å ta nødvendige grep for å løfte samfunnsutviklinga på kysten. No kan vi tenke nytt og skape framtidens kommune. Vi har alle føresetnader for å lukkast – men det krever at vi ærleg ser både kommunen sine sterke og svake sider.

Eg vil ha ein kommune som tek inn over seg at kommunen er til for innbyggjarane, ikkje omvendt. Vi må ta tak i utfordringar i eldreomsorga og sørge for at dei som vil utvikle og skape verdiar møter ein kommune som aktivt spelar på lag. Innbyggjarane skal merke at kommunen fungerer betre og betre, at ting blir tatt tak i.

Kinn er noko nytt, og eg forstår at mange er usikre og frustrerte. Det er naturleg i møte med endring. Eg er fødd og oppvaksen i Florø, men har heile livet hatt ei sterk tilknytning til Vågsøy. Mor mi er frå Vedvik og der har eg vore mykje heile livet. No har vi feriebustad der, og eg er der så ofte eg kan. Du kan stole på at eg vil heile kommunen vel.

Eg vil bli målt på det Venstre og eg leverer, og eg håpar vi får moglegheita til å styre kommunen dei neste og viktige fire åra. Med meg på lista har eg flinke og engasjerte menneske som alle er klare til å samarbeide breitt med andre parti til kommunen sitt beste

Jacob Nødseth

Jacob er 31 år og Venstre sin ordførarkandidat. I dag jobbar han som advokat. Han har hatt mange politiske verv, både lokalt, regionalt og nasjonalt. M.a. 12 år i bystyret i Flora.



Vi treng di stemme for å:

- Redusere eigedomsskatt, avgifter og gebyr – for å fremme bulyst og næringsutvikling
- Utvikle sjukehuset i Florø, Kulatoppen og Flora omsorgssenter til eldreomsorg – og legge ned Furuhaugane omsorgssenter
- Auke grunnbemanninga i omsorgstenesta
- Handheve nulltoleranse for bygg i forfall i sentrum, og få ei planavdeling som spelar på lag med dei som vil skape og utvikle
- Få fortgang i Kystvegen, utvidinga av flyplassen i Florø og utbetring av Fv617 og Fv621
- Gjere det enkelt for næringslivet og folk flest å ta klima- og miljøvennlege val – m.a. ved å etablere gjenbruksstasjon og fleire ladepunkt til elbil
- Arbeide strategisk for å utvikle høgskuletilbod og statlege og regionale offentlege arbeidsplassar
- Få på plass gratis wifi i sentrum av byane, bygder og naturlege møteplassar i kommunen
- Styrke førebyggjande arbeid blant barn og unge
- Sikre at kommunen handlar mest mogleg lokalt og fremje klimavennlege løysingar i alle anbod
- Skape jobbar for unge i kommunen, gjennom traineeordning, prosjektstillingar og sommarjobbar
- Gjere Kinn leiande i Norge på hydrogen og nullutsleppsløysingar.
- Styrke ombodsrolla til dei folkevalte – og redusere byråkrati
- Utvikle eit betre og saumlaust kollektivtilbod, mellom anna få på plass bybuss i Vågsøy
- Realisere idrettsløftet i Flora og Vågsøy
- Drive ei aktiv byutvikling der kultur og trivsel er sentralt, og utvikle parkar og grøntområde
- Satse på læring og trivsel i skule og barnehage
- Utvikle Kinn som eit utstillingsvindu for korleis framtidsretta og grønt næringsliv skapar sikre arbeidsplassar for folk flest: Kinn ligg tett på havet med olje og gass, vær og vind, fisk og mange andre ressursar som vi må utnytte på berekraftig vis

**Hugs også å stemme på Jan Henrik Nygård
i fylkestingsvalet!**

Vi treng flest mogleg frå Kinn kommune i fylkestinget til det nye Vestland fylke. Bruk stemmeretten din til å påverke dei første fire åra i det helt nye fylket Vestland!



Saman blir vi sterkare ●

I årevis har det vore eit stort problem at ikkje kysten har klart å samle seg på tvers av kommunegrensene, og vi er på område etter område blitt forbigått av resten av fylket. Det er det Kinn kommune handlar om. Når fylka og kommunane rundt oss endrar seg, må vi også ta grep. Kinn kommune skal bli ein sterk utviklingsaktør på kysten og gjer at vi møter framtida betre rusta.

Som folkevalt i Vågsøy har eg særleg vore opptatt av å ta opp saker som er viktige for næringslivet. Kinn kommune må vere tett på næringslivet, og gje dei gode rammevilkår for å skape utvikling, arbeidsplassar og folketalsvekst. Venstre vil vere ein sterk medspelar for ei berekraftig utnytting av ressursane i havet, og sørge for at vi skaper og grip moglegheiter. I ein kommune som vår er god og trygg samferdsle heilt avgjerande for å bli attraktiv for tilflytting. Dette handlar om alt frå trygge vegar og velfungerande breiband, til båt-, buss- og flyruter.

Skal Kinn lukkast må vi utvikle byane våre Florø og Måløy, i tråd med intensjonsavtalen for Kinn. Byane er viktige, i samspel med levande bygder, grender og lokalsamfunn. Innbyggjarane skal møte ein veldreven kommune og vere trygge på at dei skal motta gode velferdstenester der dei bur.

Vi har store ambisjonar for Kinn kommune, og vil vi opp i eliteserien treng vi eit godt lag med ein dyktig kaptein. Det har vi i Venstrelista, og med Jacob som Kinn sin nye ordførar.

Edvard Iversen



5 grunnleggande prinsipp.

- Kommunen er først og fremst til for innbyggjarane
- Det viktigaste og det lovpålagte skal komme først
- Dei folkevalte skal ta ansvar og styre kommunen
- Kommunen skal ha ei forsvarleg økonomistyring
- Berekraftig utvikling og omsyn til miljøet skal ligge til grunn for alt kommunen gjer

Våre 15 mål.

- Tilflytting er prioritet nr 1: Det må bli meir attraktivt å busette seg i alle delar av kommunen – berre slik kan vi få større folketalsvekst og auka inntekter til kommunen
- Det skal vere enkelt å ta klima- og miljøvennlege val i Kinn kommune
- Helse- og omsorgstenestene skal vere verdige, moderne og tilpassa brukarane sine behov
- Skulen skal vere framtidsretta og rusta til å kunne tilpasse seg alle elevar
- Kinn kommune skal gi alle barn og unge ein god start på livet
- Kinn kommune vil aktivt bekjempe einsemd
- Kinn kommune skal bli flinkare i møtet med innbyggjarane enn dei «gamle» kommunane var
- Aktiv livsstil, idrett og friluftsliv skal vere eit satsingsområde i Kinn
- Kommunikasjon og samferdsle på kysten må få eit solid løft
- Kinn skal ha eit mangfaldig kulturtilbod heile året – og kultur skal vere sentralt i byutviklinga
- Kinn kommune skal vere best i landet på koordinerte helsetenester
- Kommunen skal spele bedriftene våre gode og bidra til eit offensivt, framtidsretta og mangfaldig næringsliv
- Fleire fornuftige og framtidsretta offentlege arbeidsplassar
- Kinn kommune skal ha eit godt forhold til alle våre nabokommunar, og er positive til å vurdere å utvide Kinn kommune
- Kinn skal vere eit samfunn der flest mogleg er i arbeid og der sosiale forskjellar er minst mogleg



VENSTRE sine kandidatar i Kinn



1.
**Jacob
Nødseth**
Florø



2.
**Edvard
Iversen**
Raudeberg



3.
**Vivian
Norstrand**
Rognaldsvåg




4.
**Mona
Alvestad**
Måløy




5.
**Jan Henrik
Nygård**
Florø



6.
**Hiltmar
Eliasson**
Florø



**Kari
Larsen**
Deknepollen




**Torstein
Hagen**
Kvalheim



**Karoline
Korneliussen**
Skår
Florø



**Daniel
Gangeskar**
Deknepollen



**Njål H.
Eliasson**
Florø



**Amila
Adzemovic**
Måløy



**Rune H.
Nygård**
Florø



**Weronica
Nilsen**
Toftesund
Florø



**Sebastian
Kvalheim**
Måløy




**Lasse
Seim**
Florø



**Trond
Kongshaug**
Vedvik



**Trond
Sveinung
Heimset**
Eikefjord




**Trym
Vorren**
Deknepollen



**Rune
O. Nilsen**
Hovden



**Gunhild M.
Bjelland**
Batalden



**Anita
Solheim
Steinset**
Florø



**Henning
Haugholt**
Askrova



**Stig
Herman
Hagen**
Deknepollen




**Eva Marie
Pleym**
Refvik



**Vegard
Åstebøl
Larsen**
Måløy




**Åse-Iren
Korneliussen**
Florø




**Kristian
Æsøy**
Skorpa



**Kamilla
Torheim**
Måløy



**Kolbjørn
Løken**
Eikefjord



**Selma
Strand
Larsen**
Deknepollen



**Johnny Dag
Jacobsen**
Eikefjord



**Klaus
Iversen**
Raudeberg